

# Kurs 1

## Målretta miljøarbeid/miljøbehandling i teneste til personer med utviklingshemning.

*Hovudfokus er gode tilnæringsstrategiar og ulike tiltak for å førebyggje og/eller endre åtferd.*

*Aktuelle tema:*

Tilnæringsstrategiar:

- observasjonar, ros og merksemd
- motivasjonsfaktorar, positive triggere og forsterkningar
- beskjeder, grensesetting og ignorering.

Strukturering av kvardagen ved hjelp av ulike metodar, dags- og vekeplanar, kommunikasjonstavler og belønningssystem.

Førebygging og ulike tilnærmingar i arbeidet med bruk av tvang og makt.

Førebygging og handtering av aggresjon og vold.

## Kurs 2

# Lett utviklingshemning. Å leve i ein komplisert verden.

- *Denne gruppa kan ofte bli både overvurdert og/eller undervurdert.*
- *Kurset har fokus på forståing av kvardagsutfordringar og korleis møte desse.*
- (Ofte dett desse mellom «barken og veden» )

Ulike utfordringar og tiltak som blir belyst, blant anna:

- Vurdering av samtykkekompetanse.
- Vilje og ønske om eit sjølvstendig liv utan personalinnblanding, med eige seksualliv, og ønske om å få barn.
- Retten til eit sjølvstendig liv. På den andre sida behov/nødvendighet med oppsyn for å førebygge skade på eigen person, skade på andre, samt andre utfordringar der kvardagsproblem kan tolkast som teikn på psykisk lidning, eller at dei havnar i uheldige miljø.
- Gode tilnæringsstrategiar for å mestre kvardagen – kommunikasjon og omgang med sosiale media.

## Kurs 3

# Aldring og aldersrelaterte utfordringar hjå personar med utviklingshemning.

- *Kartlegging, observasjonar og tilrettelegging.* Hovudfokus på miljøterapeutiske tiltak.
- Kva er normale aldringsprosesser hos menneske med utviklingshemming.
- Gode kartleggingsverktøy for å fange opp endringar, bl.anna demensutvikling.
- Førebuing og tilrettelegging for eit godt liv i alderdommen. Overgang frå arbeid/dagtilbod til pensjonisttilvære.
- Tap av sosial nettverk og sorgprosesser.
- Når skal ein utføre forandringar i forhold til tilbod og bustad – flytte til alders/sjukeheim?

## Kurs 4

# Kvardagsutfordringar for personar med autismespekterforstyrrelser (ASD).

- *Grunnleggande forståing av tilstanden. Kommunikasjon, alternativ og supplerande kommunikasjon og miljøbehandling.*
- Korleis møter vi vaksne menneske med ASD i deira kvardag – forskjell mellom behandling, læring og samhandling.
- Ulikheter i tilstanden. Korleis utvikle og tilpasse individuelle tiltak.
- Presentasjon av metodar og tilnærmingar i arbeid mellom kommunale tenester og pårørande.

# Kurs 5

## Kropp, Identitet og Seksualitet

- *Kurspakke til hjelp for å snakke om, og rettleie personar med utviklingshemning om dette temaet.*
- Kurset har som mål å gi innsikt og bevisstgjere helsepersonell til å skape eit seksualvennlig miljø. Eit seksualvennlig miljø synleggjer at det er greitt å snakke om sex, seksualitet og seksuelle problem. Personar med utviklingshemming er sårbare og kan lett kome i uheldige situasjonar relatert til seksualitet. Openheit rundt dette temaet vil også kunne førebyggje eller avdekke overgrep.
- Presentasjon av ulike kartleggings- og opplæringsprogram.

## Kurs 6

# Samhandlingprosessar i arbeid med pårørande til personar med utviklingshemning.

- *Samhandlingsprosessar i etablerte tiltak. Ulike roller og etiske problemstillinger.*

Kurset har som mål å gje innsikt og bevisstgjere helsepersonell til å legge til rette for godt samarbeid med pårørande, og utfordringar som kan kome i dette samarbeidet. Kurset skal bevisstgjøre de forskjellige rollene pårørande og yrkesutøvar har i samarbeidet.

Pårørande kan vere ein stor og viktig del av livet til tenestemottakar og eit godt samarbeid vil vere ein ressurs for å kunne yte gode tenester. Samtidig skjer det også ein lausrivingsprosess der unge med utviklingshemning har krav på eit sjølvstendig liv.

# Kurs 7

## Kommunale Helse-og omsorgstenestelova Kap.9.

- *Avklaring av kva som er tvang og makt, og fokus på førebygging og alternative tilnærmingar i møte med menneske med utviklingshemming.*

Det er utarbeida eit rundskriv «*Rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning*».

Denne har som hovudmål å gi rettleiing om regelverket til saksbehandlere og tenesteytere som jobbar med menneske med utviklingshemming. Å utvikle metodar som gjer det mogeleg å ivareta rettsstryggleiken, og at bruk av tvang blir overflødig er sjølvstøtt målet i arbeidet med den enkelte brukar.

Kurset tar utgangspunkt i dette rundskrivet, som også belyser faglige og etiske dilemma som fagpersonar blir stilt overfor når det er snakk om å gripe inn i eit menneske sitt liv.